

BOKN KOMMUNE

KONTROLLUTVALET SI
ÅRSMELDING
FOR 2010



KONTROLLUTVALET
BOKN KOMMUNE

1. INNLEIING

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som på vegne av kommunestyret skal føre det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga. Ordninga er heimla i kommunelova og i forskrift om kontrollutval. Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller også til dette. I følgje kommunelova § 77 pkt 6 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av utvalet sine medlemmer veljas mellom representantane i kommunestyret. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet.

For perioden 2007 - 2011 har Bokn kommunestyre vald følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

Faste medlemmer:

Leiar **Olav Lande Rossebø** (H)
Nestleiar **Gunnar Solberg** (Ap)
Medlem **Daghild Alvestad** (Sp)

Varamedlemmer:

Ann Jeanette Sunde Olaussen (H)
Kaj Arne Christiansen (Ap)
Erik Øvrebø (Sp)

Gunnar Solberg er også kommunestyrerepresentant.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2010

Kontrollutvalet har i 2010 hatt **4** møte fordelt på tre møte om våren (det tredje som telefonmøte) og eit møte i haust. Kontrollutvalet sine møte har vore lukka, då utvalet ikkje har bestemt noko anna (§ 77 nr 8). Utvalet har helde sine møte på Boknatun.

Utvalet har hatt **13** saker til handsaming og **31** saker til orientering. Sjå oversikt over saker lagt fram for kontrollutvalet som vedlegg til årsmeldinga.

Rossebø og Alvestad deltok på konferanse i regi av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) på Gardermoen 03.-04.02.10. Ingen deltok på konferansen til Forum for kontroll og tilsyn 02.-03.06.10 eller haustkonferansen for kontrollutval i Rogaland i Sandnes 03.11.10.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møte 27.05.10 kommunen sin årsrekneskap for 2009 til handsaming. Kontrollutvalet hadde ikkje merknader til årsrekneskapen. Revisor hadde i år ikkje komme med noko årsoppgjerbrev, då han ikkje hadde funne noko spesielt å kommentere. Utvalet var nøgd med at det. Dei uttrykte også at dei var nøgd med innhald og utforming av kommunen si årsmelding.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen skal vedtas av kommunestyret. Bogn kommune sin plan for 2008-2011 blei vedtatt av kommunestyret i møte 10.02.09, sak 10/09.

Kontrollutvalet har i 2009 bestilt prosjekt om kommunen sine kjøp av konsulenttenester og rutinar knytte til overlevering og synfaring. Rapport vil komme i 2011.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

I følgje kommunelova er kontrollutvalet pålagt å sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen for 2008-2011 og retningslinjene for selskapskontroll ble vedtatt av kommunestyret i møte 22.09.08, sak 6/08.

Kontrollutvalet vedtok i 2009 å gjennomføre selskapskontroll i Haugaland Kraft AS saman med dei andre eigarkommunane. Rapporten vil være klar på nyåret 2011.

Kontrollutvalet slutta seg i maimøtet til ein invitasjon frå Vindafjord kontrollutval om å gjennomføre i lag med dei andre eigarkommunane (Haugesund, Tysvær, Vindafjord, og Etne) ei utvida selskapskontroll i Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS (HIM). Haugesund kontrollutval vedtok i haust å nytte revisjonsfirmaet Deloitte AS til å utføre kontrollen og kontrollutvalet vil få deira prosjektplan til godkjenning. Rapport er lova ferdig våren 2011.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Kommunestyret avgjer om kommunen skal tilsetje eigen revisor, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon eller inngå avtale med privat revisor. Vedtak om dette skal gjerast etter innstilling frå kontrollutvalet. Dersom det skal gjerast greie for alternative revisjonsordningar er det kommunestyret som må pålegge kontrollutvalet å gjere ei slik utgreiing.

Bokn kommune er i dag med i ei interkommunal revisjonsordning (samarbeid etter kommunelova § 27) saman med kommunane Etne, Karmøy, Sauda, Suldal, Sveio, Tysvær, Utsira, og Vindafjord. Kommunane har forplikta seg til å bruke Haugaland kommunerevisjon for ein periode på 4 år fram til 31.12.11.

For å få eit større fagmiljø og utvida kompetanse innan revisjonsdistriktet blei det i 2009 ført forhandlingar om å slå saman HKR med Indre Hordaland Revisjonsdistrikt (IHR), som også er eit interkommunalt § 27-samarbeid mellom Eidfjord, Jondal, Odda, Ullensvang, Ulvik og Voss. Styra sendte så over til kommunane til godkjenning nye vedtekter for nytt selskap, kalla Kommunerevisjon Vest.

Kommunestyret slutta seg til innstillinga om samanslåing og godkjenning av vedtekter i møte 10.05.10, sak 21/10. Det same vedtaket har dei andre kommunane innan HKR gjort. For dei innan IHR vil det kome ei avklaring i vår. Karmøy kommunestyre vedtok 14.12.10 å si opp revisjonsavtalen. Ei avklaring om framtidig revisjonsstruktur må difor komme i løpet av 2011.

Revisjonssjefen for IHR har i 2010 vore ansvarleg revisor. Kommunen sin revisor har møte- og talerett i utvalet sine møter. I 2010 har revisor ikkje hatt høve eller funne grunn til å delta på møta.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Utvalet har i fleire år etterlyst oppdatering av delegasjonsreglement og personalreglement. På bakgrunn av tilsettingar i barnehagen på våren gjorde utvalet nytt vedtatt om oppmoding til rådmannen om å revidere personalreglementet. Kommunestyret vedtok nye personalreglementer i oktober.

Utvalet har tatt opp manglande tilbakemelding ved oversending av e-post til kommunen sitt postmottak. I følgje svar av 30.09.10 har ikkje kommunen planar for å innføre "automatisk svar", men vil i tida framover sette fokus på rutine og praksisen ved handsaming av e-post og vurdere løysingar som kan vere aktuelle. I november viste utvalet til forvaltningslova § 11 a om førebels svar og bad administrasjonen få på plass gode nok rutinar slik at brukarane av kommunale tenester opplever kommunen som meir effektiv og imøtekommande.

I det siste møtet møtte ny teknisk sjef og seniorrådgivar og orienterte om tidligare sak knytte til oppføring av bygg over 50 m og reglane etter ny plan- og bygningslov. Utvalet meiner seg nå ferdig med saka. Utvalet er og blitt orientert om skatteregnskap, vedtekne økonomiske rammes, halvårskontrollar og KOSTRA-tall i løpet av året.

4.6 FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR INTERNT TILSYN OG KONTROLL

Kontrollutvalet handsama på hausten framlegg til budsjett for internt tilsyn og kontroll for 2011. Totalt var framlegg til budsjett på kr 228.000. Av dette utgjorde kr 93.000 til revisjonstenester, kr 89.000 til sekretariattjenester og kr 46.000 til utvalet si eige verksemd. I kommunestyremøte 14.12.10, sak 38/10 blei dei to fyrste summene vedteke, medan utgifter til møtegodtgjersle, reise og kurs/konferanse må sjåast i samanheng med til folkevalde på tenesteområde 1000. Utgiftene skal ifølgje Kostra førast på eige funksjon 1100.

4.7 SEKRETARIAT

Sekretariatstenester for kontrollutvalet vert ivaretatt av Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS. Selskapet er eid av 10 deltakarkommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Ny dagleg leiar tiltrådte i oktober. Bokn sine kostnader utgjorde kr 81.000 i 2010, som dekker all normal aktivitet i utvalet, frå sakshandsaming til utsending av innkallingar og utskrifter.

5. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2010 har stort sett vore i samsvar med vedtekne planer og tildelte budsjettmidlar.

Elles har året vore prega av mykje uro og usikkerheit når det gjeld framtidig revisjonsordning. Ved sekretariatet har det i haust kome ny dagleg leiar.

Bokn, 15.03.11

Olav Lande Rossebø
leiar

Gunnar Solberg

Daghild Alvestad